




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Gjermundnes vgs

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	4
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	7
3. Læringsmiljø	8
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	8
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	10
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	11
4. Skoleårsresultat	13
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	13
4.2 Karaktersnitt	14
4.3 Fråvær	15
4.4 Elevar som har slutta	16
4.5 Overgangar	17
5. Leiing og profesjonsutvikling	19

1. Rektor har ordet

Gjermundnes vidaregåande skule er plassert midt i fylket. Vi er den einaste skulen som tilbyr grønt naturbruk på vg2 og vg3-nivå i Møre og Romsdal, og vi har derfor elevar frå dei aller fleste kommunane i fylket.

Gjermundnes vgs har eit gardsbruk i full drift. I april 2024 kunne vi invitere til opning av ein flunkande ny lausdriftsfjøs. Søkjartala på Vg1 naturbruk auka vesentleg i 2025 samanlikna med 2024. Det er for tidleg å seie om den nye undervisningsfjøsen har hatt ein effekt på søkjartala, eller om det er andre faktorar som har vore avgjerande.

Vestnes er ein skipsbyggarkommune. Tilbodet vårt på teknologi- og industrifag er viktig for framtidig rekruttering, og vi samarbeider tett med næringslivet om utplasseringsplassar til alle elevane på dette programområdet.

Om lag 70 av elevane våre bur på internatet. For desse elevane heng skule og fritid tett saman. Vi har som ein av få vidaregåande skular i fylket MOT-programmet ved skulen vår. Dette programmet skal vere med på å skape robust ungdom som er flinke til å sjå og inkludere kvarandre. Som vi veit er trivsel ein føresetnad for god læring.

Vi lever i ei tid med større fokus på berekraft, sjølvforsyning og beredskap. Den utdanninga vi gir elevane våre er derfor svært viktig for Møre og Romsdal. Skulen deltar i det treårige nasjonale prosjektet «Styrket landbruksutdanning» i lag med fylkeskommunane Trøndelag, Nordland og Innlandet. Prosjektet skal utvikle og prøve ut nye modellar for samarbeid som skal vere med på å styrke landbruksutdanninga på vidaregåande nivå i åra som kjem.

Gjermundnes vgs og Rauma vgs har fått i oppdrag å etablere eit tettare samarbeid. Det jobba vi med gjennom heile skuleåret.



Begge foto: Magnar Fjærtøft

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	24,23
Tal på årsverk i leiarstillingar	3,25 til pedagogisk leiing + 1 stilling kombinert merkantilt og leiing
Tal på årsverk andre tilsette	14,63

Tala på årsverk i tabellen er ved utgangen av skuleåret våren 2025.

Tidlegare rektor Aadne Haarr gjekk av med pensjon 1. januar 2024 og assisterande rektor var konstituert i stillinga fram til ho vart tilsett fast som rektor frå 1. desember 2024. Det er ikkje gjort tilsetting av ny assisterande rektor. Skulen har felles avdelingsleiar for avdelingane for individuelt tilpassa opplæring (ITO) og teknologi og industrifag. Avdelingsleiar her har vore konstituert gjennom heile skuleåret. Leiinga består av ein mann og fire kvinner. Etter mange endringar førre skuleår, opplever vi at stabilitet i leiinga gjer det lettare å følgje opp forventningane i oppdragsavtalen frå skuleeigar og vår lokale handlingsplan.

Gjermundnes har ei stor avdeling for alternativ opplæring sett opp mot størrelsen på skulen. Skulen har fleire tilsette med spesialpedagogisk kompetanse tilknytt denne avdelinga.

Av årsverk andre tilsette, er 5,54 årsverk knytt til opplæringa. Dei resterande årsverka er knytt til internat, kjøkken og gardsbruk.

Det er god kjønnsfordeling blant dei pedagogisk tilsette, med om lag 50% kvinner og 50% menn. Når det gjeld årsverk andre tilsette, er kjønnsfordelinga litt annleis. Det er stor overvekt av kvinner som fagarbeidarar og assistentar i opplæringa, på kjøkkenet og internatet. På garden er det kun menn som er tilsett.



2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Naturbruk	30	21	9	60
Teknologi- og industrifag	24	0	0	24
Påbygg til generell studiekompetanse			20	20
Vaksenagronom			13	13
Alternativ opplæring	12			12
Total				129

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	2
---	---

Naturbruk er det klart største programområdet ved Gjermundnes vgs. Skuleåret 2024/2025 hadde vi 30 elevar på vg1, mot 31 året før. Av 21 elevar på vg2 naturbruk, valte ni elevar heste- og dyrefag og 12 landbruk- og gartnarnæring. Elevane som går heste- og dyrefag kan gå ut i lære, medan vegen vidare for elevane på landbruk- og gartnarnæring er landbruk på vg3 (gir yrkeskompetanse som agronom). Elevane kan også velje studieførebuande naturbruk eller påbygg til generell studiekompetanse. Ni elevar gjekk dette skuleåret landbruk på vg3. Elevtalet her har variert mellom seks og ti gjennom mange år og er slik relativt stabilt.

Gjermundnes har ein undervisningsarena som er svært godt eigna til å gje eit variert, praktisk og individuelt tilpassa opplæringsløp til elevar med samansette behov. Det gjer at vi har ei relativt stor gruppe elevar som treng ein alternativ skulekvardag. Det er høg trivsel i denne elevgruppa, og elevane gir sjølve uttrykk for at dette er eit opplæringstilbod dei set stor pris på. Etter avslutta skulegang går elevane i ulike retningar, til dømes ut i tilrettelagt jobb, som lærekandidat eller til kommunale dagtilbod.

På teknologi- og industrifag hadde vi to klassar dette skuleåret. Det var også god søking til påbygg. Vaksenagronomane tok andre året av utdanninga si dette skuleåret og det var derfor ingen nye elevar på dette tilbodet. Dette er eit viktig tilbod for vaksne som ønskjer å tileigne seg yrkeskompetanse som agronomar.

I tilbodsstrukturen til Gjermundnes har vi også tilbod om industrideknologi og anleggsgartnar på vg2. Ingen av tilboda hadde tilstrekkeleg med søkjarar til å kunne starte opp dette skuleåret.

2.3 Føresetnader – grunnskulepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskulepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	2,4%	1,9%	9,3%
0 - 25	2,4%	11,1%	3,0%
25 - 30	11,9%	20,4%	5,5%
30 - 35	28,6%	31,5%	11,5%
35 - 40	19,0%	16,7%	17,2%
40 - 45	23,8%	9,3%	21,7%
45 - 50	9,5%	9,3%	18,2%
Over 50	2,4%	0%	13,5%

2.3.2 Grunnskulepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-2025
Gjermundnes vgs	35,6	39,5	36,7	36,4	33,3
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellen over viser, har Gjermundnes elevar som i snitt ligg fleire grunnskulepoeng under fylkessnittet. Vi ser at det er ein naturleg variasjon i grunnskulepoeng frå år til år. Variasjonane er ikkje store, men 2024-2025 skil seg ut med det lavaste snittet dei fem siste åra. Naturbruk hadde i 2024-2025 eit snitt på 34,4, medan teknologi- og industrifag hadde eit snitt på 31,9.

Vi ser ein tydeleg skilnad mellom kjønna når det gjeld grunnskulepoeng. Jentene hadde i snitt 38,6 grunnskulepoeng, medan gutane hadde 31,7.

Karaktersnittet gjer at vi har mange elevar som treng tett oppfølging, særleg i fellesfaga. Vi jobbar med kompetanseheving i personalet for å gje elevane god hjelp innanfor

rammene av den ordinære opplæringa. Vi har kvart år mange elevar som treng tilrettelegging og opplæring i bruk av kompensierende hjelpemiddel knytt til lesing og skriving. Våren -25 sendte vi søknad om å bli sertifisert som dysleksivenleg skule. Vi får svar på søknaden i løpet av hausten -25. I alt arbeid med tilrettelegging har vi eit tett og godt samarbeid med skulen sin PPT-rådgjevar.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Først er det viktig å informere om at dei offentlege resultata som kjem fram via lenka over er svært misvisande for vg2 og vg3 på Gjermundnes. Grunnen er at Elevundersøkinga har svært strenge prikkereglar som skal hindre identifisering av enkeltelevar ut frå resultata. På vg2 er kun indikatoren for trivsel offentleg. På vg3 er ikkje indikatorane for trivsel og fagleg utfordringa offentlege. Det gjer at samleskåren for alle læringsmiljøindikatorar på vg2 og vg3 blir heilt feil for Gjermundnes. I det følgjande vil likevel nokre av resultata som ikkje er offentlege bli kommentert, men då på ein måte som ikkje gjer det mogleg å identifisere enkeltelevar.

Førre årsmelding kunne vi rapportere svært låge mobbetal på vg1. Dette året er resultatet ikkje like gledeleg. 8,6% av elevane på vg1 rapporterte om at dei har opplevd mobbing 2-3 gonger i månaden eller oftare. 8,6% betyr i reine tal fem elevar. Talet er ikkje overraskande ut frå talet på saker vi jobba med i SIM-team hausten 2024. Resultatet er også i tråd med informasjon vi fekk gjennom den ikkje-anonyme førebyggjande læringsmiljøundersøkinga Spekter som vi gjennomfører kvar haust. På vg2 var det ein elev som rapporterte om mobbing og på vg3 var det ingen. Vi jobbar systematisk med læringsmiljøet for å hindre mobbing, noko som vil bli utdjupa i punkt 3.2.

I fjor var vår største bekymring nedgangen i opplevinga av meistring og motivasjon på vg1 og vg2. Det er derfor gledeleg å sjå at opplevinga av meistring er på veg opp både på vg1 og vg2. Det same gjeld vurdering for læring. På vg3 ligg vi godt over fylkessnittet på vurdering for læring. Vi har over litt tid jobba både med vurdering og med å gje elevane betre tilpassing, slik at fleire skal oppleve at dei meistrar oppgåvene dei får og i større grad skal greie å jobbe sjølvstendig i læringsarbeidet. Vi har eit håp om at det vi ser er eit resultat av at vi er på rett veg med dette arbeidet. Vi må imidlertid sjå resultata over fleire år for å kunne dra konklusjonar. Vi har også god skår på støtte frå lærar på alle trinn. Støtte frå lærar er ein viktig faktor for å oppleve meistring i skulekvardagen.

Motivasjonen på Vg1 har vi ikkje greidd å snu. Den er framleis synkende, om enn marginalt (3,4 i 2024 mot 3,5 i 2023). Vi hadde skuleåret 2024/2025 relativt mange elevar på Vg1 naturbruk som hadde blått naturbruk som førsteønske og som heller ikkje hadde Gjermundnes som primært skuleval. Vi hadde ein ekstraklasse på teknologi og industrifag, der fleire av elevane hadde andre skular som primærval. Vi meiner det kan vere årsak til at både motivasjon og trivsel er lågare enn året før. Skuleåret 2025–2026 har vi fleire elevar som hadde Gjermundnes som førsteval. Det blir spennande å sjå om det vil visast att i Elevundersøkinga. Viss ikkje, må vi leite etter andre årsaksforklaringar. Trivselen må likevel seiast å vere god på alle tre trinna, med 4,0 på vg1, 4,1 på vg2 og 4,3 på vg3.

Skuleåret 2022/2023 var vi uroa over den store nedgangen i opplevinga elevane på vg1 og vg2 hadde av felles reglar. Våren 2023 jobba vi i fellesskap fram fem «standardar» som skulle vere enkle å hugse og praktisera likt i alle klasserom. Hausten 2023 skåra vi høgt på praktisering av felles reglar. Det gjer vi framleis hausten 2024, men vi ser at det er nødvendig å ha eit kontinuerleg fokus på dette.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	4
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Vi har generelt lav terskel for å skrive aktivitetsplanar ved Gjermundnes. Vi tenkjer det å skrive ein aktivitetsplan er til god hjelp i arbeidet med å strukturere oppfølginga av elevar i læringsmiljø saker. Alle sakene vart avslutta i løpet av skuleåret.

Vi jobbar kontinuerleg og systematisk med læringsmiljøet. Vi har fleire tiltak i handlingsplanen vår knytt til dette arbeidet. Følgande er gjennomført dette skuleåret:

- Klasselærarråd og resultatoppfølgingsmøte (RO-møte). Vi har faste samarbeidsmøte for alle klassane ved skulestart og resultatoppfølgingsmøte fire gonger årleg. I desse møta er det gjennomgang av fråvær og fare for stryk/ikkje vurdering. Frå og med hausten 2023 innførte vi også eit skjema med kartlegging av sårbare elevar som fast punkt i RO-møta. Det er til god hjelp for å fange opp bekymring rundt enkeltelevar og å kunne sette inn tiltak ved behov.
- Faste møte i ressursteam og SIM-team. I SIM-team sit rektor og dei pedagogiske avdelingsleiarane i lag med PPT. I ressursteam er i tillegg rådgjevar og internatleiar med. For å kunne følgje opp internatelevane på ein god måte er det avgjerande at skule og internat kommuniserer og samarbeider godt. Vi vil også framheve det gode samarbeidet vi har med PPT. Det er konstruktivt og godt, og opplevast svært nyttig for skulen. Helsesjukepleiar blir innkalla ved behov, sidan denne ressursen er avgrensa til fire timar annakvar veke. Den tida ønskjer vi i første rekkje skal prioriterast til direkte kontakt med elevane.

- Vi har rutinar rundt bekymring for elevar med suicidale tankar eller handlingar (ein rutine for skule og ein for internat) og lokal rutine for handtering av rus (eit tillegg til den fylkeskommunale rusplanen).
- Vi gjennomfører den førebyggjande delen av den ikkje-anonyme læringsmiljøundersøkinga Spekter kvar haust. I tillegg kan vi bruke Spekter ved behov for meir kartlegging i enkeltklassar.
- Vi har MOT-programmet på Gjermundnes. MOT-programmet er eit verktøy med mål om å bygge meir robust ungdom. Vi har utdanna fire MOT-coachar på skulen, og vi har seks elevar som har fått utdanning som unge MOTivatorar. Dei skal vere synlege i elevmiljøet, skape positive aktivitetar og ha eit auge for utanforskap.
- Vi har eit miljøteam av elevar som skal skape aktivitet på ettermiddag/kveld.
- Vi har innført felles standardar i alle klasserom og på læringsarenaene ute i praksis. Målet er at felles standardar skal gje elevane større kjensle av forutsigbarheit og trygge rammer i læringssituasjonane.
- Rådgjevar gjennomfører samtalar med alle elevar om mål og motivasjon ved starten av skuleåret.
- VIP-makkerskap på vg1 og vg2

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skoleutval	2

Elevrådskontakten ivaretar det administrative arbeidet med elevrådet. Det er ein lærar som har denne oppgåva. Rektor har hatt jamlege møte med elevrådsleiar om saker og har gjennom året deltatt i enkeltmøte med elevrådet. Elevrådet har mellom anna jobba

med læringsmiljø og med ein ny visjon for skulen vår. Dei arrangerer også juleball for alle elevane, der inkludering av alle er ein føresetnad for gjennomføring. Skulen har svært få russ og har ikkje hatt dei same utfordringane knytt til russefeiring som dei fleste andre skular. Representant for avgangselevane var likevel med på møta som vart halde på fylkesnivå om ei meir inkluderande avgangsmarkering.

Resultata frå elevundersøkinga er blitt tatt opp og drøfta i elevrådet. Elevrådet har også hatt ansvar for å arrangere ein aktivitetsdag ved skuleslutt i lag med dei unge MOTivatorane. Elevrådsleiar var sjølv ungMOTivator, noko som har gjort kommunikasjonen mellom elevråd og MOT enklare.

MOT-coachene har jamleg oppfølging av dei unge MOTivatorane. Her er læringsmiljø og trivsel i fokus og det blir lagt stor vekt på elevstemmene. Det er elles lav terskel for å ta kontakt med avdelingsleiarar og rektor i kvardagen, og vi opplever at mange elevar kjem innom dersom det er noko som opptar dei. Vi opplever at elevane også har lav terskel for å gje beskjed dersom dei er urolege for at medelevar ikkje har det trygt og godt. Dersom vi skal ha god oversikt over læringsmiljøet, er vi avhengige av at det er tillit mellom elevane og leiinga. Det vil vi jobbe for å oppretthalde framover.

Alle elevane er inkluderte i elevundersøkinga. Gjennomføringa vart tilrettelagt på ulike måtar slik at alle elevar skulle få høve til å svare på spørsmåla. Alle elevane gjennomførte også Spekter-undersøkinga. Spekterundersøkinga blir fulgt opp med elevar på individnivå, men også på systemnivå viss det viser seg at det er utfordringar som berører eit større miljø.

Undervisningsevalueringa vart fulgt opp i medarbeidarsamtalane. Vi vil framover jobbe med å involvere elevane meir i resultata frå undervisningsevalueringa.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024-25, prosent	81%
--	-----

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
NA	83,3%	90,5	88,9%	86,7%
TP	87,5%			87,5%
PB			55%	55%
Total	85,2%	90,9%	65,5%	81%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-2025
Gjermundnes vgs	88,5%	88,6%	88,7%	83,7%	81,0%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

I skulen sin handlingsplan er måлтаlet for gjennomføring på over 80%. Med ei gjennomføring på 81% nådde vi målet. Av tabellen over går det også fram at gjennomføringa på vg1 og vg2 er godt over 81%. Sidan vi er ein liten skule, er vi statistisk sårbare. Vi ser at vg3 påbygg skil seg ut med at berre 55% har fullført og bestått, noko som gir eit relativt stort utslag på totalresultatet målt i prosent.

Forventningsindikatoren viser at forventna gjennomføring for kullet var 78,6%. Det er samansette årsakar til at gjennomføringa var så lav, men det har mellom anna samanheng med høgt fråvær.

På vg1 og vg2 er det motsett. Der er gjennomføringa høgare enn forventningsindikatoren. Vg1 TIF skil seg særleg positivt ut, med ei forventna gjennomføring på 78,6% og ei faktisk gjennomføring på 87,5%. Også skuleåret 2023/2024 skilte TIF seg ut, med ei forventna gjennomføring på 90,1% og faktisk gjennomføring på 100%.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
NA	4,03
TP	3,55
PB	3,57

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-2025
Gjermundnes	4,02	4,18	4,02	4,08	3,83
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

I dei to skuleåra før 2019 låg snittet på under fire. Det har auka litt dei siste åra og har i det siste berre hatt små variasjonar frå år til år. Snittet ligg under snittet i fylket. Det er naturleg, sidan grunnskulepoenga også er lågare enn fylkessnittet. I 2024/2025 hadde elevane på vg1 i snitt 33,3 grunnskulepoeng, medan karaktersnittet ved årsslutt for dei

same elevane var 3,67. Vi tenkjer det er naturleg at snittet går opp når elevane i større grad har fått velje fag etter interesser.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	12,7	31,8	10,1%
Vg1	13,5	28,1	10%
Vg2	9,4	37,2	8,7%
Vg3	14,1	33,9	11,4%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-2025
Gjermundnes	3,8%	3,1%	8,2%	10,2%	10,1%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som førre skuleår, var fråværet høgt også skuleåret 2024/2025. Tabellen over viser at Gjermundnes alle dei siste åra har hatt høgare fråværsprosent enn snittet i fylket. Vi ser at det er ein samanheng mellom høgt fråvær og det å ikkje fullføre og bestå året.

Ei forklaringa på at Gjermundnes ligg høgare på fråværsstatistikken kan vere at mange av elevane våre bur på internat og må sjølv stå opp og komme seg på skulen. Vi har nattevakter som etter avtale vekkjer enkeltelevar før dei går av vakt, men det gjeld berre elevar som har særskilt behov for oppfølging i kortare eller lengre periodar. Vi har faste rutinar for oppfølging av fråvær, med klare retningslinjer for kven som skal gjere kva i

oppfølging av fråvær. Tett og god oppfølging er nødvendig, og vi ser at vi må jobbe vidare med dette for å førebygge fråvær og fråfall. Ikkje minst er det svært viktig med eit godt samarbeid med heimen til elevane som ikkje er myndige.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2023–24

Prosent	Tal
7,6%	8

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–2025
Gjermundnes	6,3%	5,7%	1,9%	6,1%	7,6%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Det er ein liten auke i prosenten slutta frå i fjor til i år. Skuleåret 2023/2024 var det totalt seks elevar som slutta, medan det i år var åtte. Det er svært ulike grunnar til at elevar sluttar, alt frå feilval til personlege årsakar. For nokre elevar kan det også opplevast utfordrande å bu på internat.

4.5 Overgangar

Overgang frå ungdomsskulen

Gjermundnes rekrutterer ungdom frå heile fylket og deltar derfor på utdanningsmesser i alle delar av fylket. Det er ikkje alle potensielle elevar som reint praktisk får til å besøkje Gjermundnes i løpet av hospiteringsvekene for 10.steg. Vi tar derfor etter avtale imot elevar som ønskjer å komme på besøk heilt fram til søknadsfristen. Vi inviterer også til open kveld i januar. Det er viktig at ungdommane får komme og sjå for å gjere seg opp eit realistisk bilete på korleis det er å vere elev her.

Det blir gjennomført overføringsmøte med alle elevar som søker på A-skjema. Alle som søker med B-skjema får tilbod om møte med skulen. Nokre elevar har behov for fleire møte eller besøk før skulestart for å bli godt budde på det som ventar. Dette er viktig for å kunne legge til rette for mottak av elevane på ein god måte. Under planleggingsdagane får alle lærarar informasjon om enkeltelevar. I løpet av dei par første vekene etter skulestart er det klasselærarråd i alle klassar for å fange opp eventuelle utfordringar så tidleg som mogleg. Elevar med behov for tilrettelegging knytt til lesing og skriving, har individuelle møte med spesialpedagog i løpet av dei første vekene. I tillegg gjennomfører rådgjevar korte samtalar med alle elevane.

Ei utfordring er tilgang til B-skjema for elevar som ikkje har hatt Gjermundnes som førsteønske. Når skulen får informasjon om vanskar veldig seint, vanskeleggjer det eit godt mottak av eleven.

For ein del kan overgangen til internat og det å flytte heimanfrå vere stor. Miljøteam og MOT skal vere med på å gjere denne overgangen lettare.

Når det gjeld overgangen mellom trinna er rådgjevar sentral i arbeidet med å rådgje elevane før dei skal gjere vala sine. Også kontaktlærarane bidrar her. Elles følgjer overføring mellom trinna på eigen skule eit fast mønster med infomøte og overføringsmøte mellom kontaktlærarane.

Gjennom skuleåret 2024–2025 såg vi behov for tettare samarbeid med ungdomsskulane i nærområdet. Vi er derfor i startgropa på å etablere eit samarbeid, mellom anna gjennom tilbod om fagdag for elevar som har arbeidslivsfaget i ungdomsskulen. Gjermundnes har ein praktisk læringsarena i nærområdet som ungdomsskulane kan dra nytte av. Kvart år vert det arrangert innovasjonscamp for alle elevar på 9. steg i Vestnes kommune. Her stiller Gjermundnes alltid som oppdragsgjevar for ei eller fleire grupper. I samarbeid med ungdomsskulane og Vestnes Næringsforum vert det frå hausten 2025 arrangert ei kommunal yrkesmesse på Gjermundnes der alle elevar på 10. steg deltar.

Det er også verdt å nemne at mange får sitt første møte med Gjermundnes som deltakarar på sommarleir. Sommaren 2024 hadde speidarane krinsleir på Gjermundnes, medan skulen sommaren 2025 var vertskap for 4H sin fylkesleir.

Utplassering og overgang til yrkesliv og høgare utdanning

I faget yrkesfagleg fordjuping har utplassering ein sentral plass. Alle elevar på teknologi og industrifag har vore utplasserte. Mange var utplasserte i verftsindustrien i Vestnes, som skulen har eit godt samarbeid med. Frå hausten 2024 har også nesten alle elevane på naturbruk vore utplasserte i næringa. På vg1 og vg2 oppfyller vi slik målet til skuleeigar om at minst 95% av elevar med faget yrkesfagleg fordjuping skal ha praksis i bedrift. Elevane på landbruk har eit løp med vg3 i skule som gir yrkeskompetanse som agronomar. For desse elevane er kontakt med næringa svært viktig. Dei har derfor utplassering to veker i løpet av skuleåret sjølv om dei ikkje har faget yrkesfagleg fordjuping.

Skulen fekk frå skuleåret 2024/2025 ansvaret for å formidle elevar til læreplassar og lære kandidatplassar for eigne elevar. Per 1. august var alle unntatt ein elev formidla ut i lære.

Alle elevar med alternativ opplæring har utplassering minimum det siste året dei er elev ved Gjermundnes. Dei blir utplasserte i aukande omfang fram mot skuleslutt. Elevane

prøver ulike arbeidsplassar for å finne ut kva dei trivast med. Elevar som ønskjer utplassering tidlegare i skuleløpet, får høve til det. Alle elevane med alternativ opplæring har med seg støtte frå skulen ut i praksis. Denne støtta er i kortare eller lengre periodar, alt etter behov.

Samarbeid med næringsliv

Skulen samarbeider elles tett med næringslivet på fleire måtar, og er sjølv aktiv medlem i næringsorganisasjonane i landbruket der skulen er produsent. Næringsaktørar er representerte i skulen sitt skuleutval. Elevane er mykje ute på besøk i ulike bedrifter og hos ulike næringsaktørar. Vi leiger inn aktørar frå næringa som lærarar i delar av undervisninga på hestefag og i undervisninga på vaksenagronomkurset. Elevane deltar på ulike næringskonferansar. I tillegg vel ulike aktørar frå landbruksnæringa å legge kurs, fag- og medlemsmøte til Gjermundnes. Elevane våre blir ofte inviterte til å delta på desse. Vi samarbeider med oppdrettsnæringa om fasilitetar knytt til sjøbruk. Sjøbruk er ein integrert del av undervisninga på naturbruk på vgl.

Skulen er medlem av Vestnes Næringsforum, for gjennom det å vere med å utvikle det lokale næringslivet saman med andre medlemsbedrifter. Det er viktig for oss at også det lokale næringslivet er godt kjent med skulen.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Det er eit klart leiaransvar å sikre profesjonsutvikling, gjennom systematisk å drøfte pedagogisk praksis og å ha arenaer for felles refleksjon og læring. Elevane si læring og utvikling skal vere i fokus for utviklingsarbeidet.

På Gjermundnes har vi fleire arenaer der vi jamleg drøftar pedagogisk praksis. Vi har vekentlege møte med det pedagogiske personalet, enten i fellesskap eller på dei ulike avdelingane. Pedagogisk praksis blir drøfta i klasselærarmøte, resultatoppfølgingsmøte, i leiarmøte, i SIM-team og i ressursteam.

Skuleåret 2024/2025 har kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis vore hovudoverskrifta for den skulebaserte profesjonsutviklinga. I Møre og Romsdal var psykisk helse plukka ut som fokusområde i kompetanseløftet. Med utgangspunkt i elevundersøkinga året før var vi uroa for elevane si oppleving av meistring og motivasjon, særleg på vg1. Meistring og motivasjon er tett knytt opp mot psykisk helse. Vi valte derfor å sjå om vi kunne auke elevane si oppleving av meistring gjennom å bli betre på å tilpasse oppgåver til heile breidda av elevar. Vi jobba med dette i fellesskap med støtte frå PPT. Arbeidsforma var ei form for aksjonslæring, der personalet jobba i grupper, gjorde utprøving i klasserommet og delte erfaringar i fellesskap i etterkant. Dette arbeidet vart ei naturleg forlenging av året før, då vi fokuserte på fleire og meir varierte vurderingsformer og tilpassing for elevar med autismespektervanskar.

Gjermundnes vgs har fått i oppdrag frå skuleeigar å utvikle eit tettare samarbeid med Rauma vgs. Leiinga på dei to skulane har gjennom året jobba i lag for å utvikle dette samarbeidet. Det har vore viktig for oss å skape ein motivasjon for samarbeid i personalet. Derfor har vi gjennom året hatt felles personaløkter med mål om å etablere fagsamarbeid som skal inn i årsplanane for skuleåret 2025/2026. Her har vi sett på korleis vi kan utnytte kvarandre sine styrker for å gje elevane eit betre tilbod.

Skuleårsplanleggarane ved dei to skulane har samarbeidd, og vi ser at dette samarbeidet må utviklast vidare. Det same gjeld samarbeidet i leiinga.

Gjermundnes vart dette skuleåret også invitert inn i eit anna viktig samarbeid, det nasjonale prosjektet «Styrket landbruksutdanning». Dette er eit treårig prosjekt finansiert over landbruksoppgjeret. Trøndelag fylkeskommune er prosjekteigar, med Møre og Romsdal og Norland som samarbeidspartnarar. Innlandet fylkeskommune kom til som samarbeidspart etter at søknaden var innvilga. Målet med prosjektet er å styrke landbruksutdanninga gjennom auka samarbeid mellom fylkeskommunane. Med relativt få elevar som søker seg til landbruksfaga i vidaregåande skule, er det viktig å sjå på samarbeid for å kunne oppretthalde eit kvalitativt godt tilbod i heile landet. Prosjektet er heilt i startgropa og det blir svært spennande å delta i dette framover.

Vi har også dette skuleåret halde fram fokuset på å integrere bruken av kompensierende hjelpemiddel i skulekvardagen for elevar som strevar med lesing og skriving. Våren 2025 sendte vi inn søknad om å bli dysleksivennleg skule. Denne vil vi få svar på i løpet av skuleåret 2025/2026.

Gjennom skuleåret jobba vi også fram ein visjon for skulen vår. Her deltok heile kollegiet, ikkje berre det pedagogiske personalet. Vi involverte også elevane i dette arbeidet. Gjennom denne prosessen fekk vi satt ord både på kva som identifiserer oss og kva retning vi skal styre mot i framtida. Visjonen vi landa på var «eit naturleg val for framtida».

Elles har vi i skuleåret også gjennomført Teach-Meet, der pedagogisk personale presenterer gode tips og deler erfaringar med kvarandre. Dette er økter som skaper engasjement og som vi framover ønskjer å sette av meir tid til.

Dette skuleåret har ein lærar starta på pedagogisk utdanning og ein lærar tatt vidareutdanning innan spesialpedagogikk. Dette er nødvendig og verdifull kompetanseheving for skulen.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Tone Syltebø, rektor

mrfylke.no